



Leiv Jan Fosse  
Fosse 146  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1884 - 18/16775

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
14.08.2018

## Godkjenning - tilbygg til bustad GBNR 25/126 Fosse

**Administrativt vedtak. Saknr: 204/2018**

### Tiltakshavar:

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til eksisterande bustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 27,3 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 8,2 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 14,92 % BYA.

Eigedomen er matrikkelført med eit areal på om lag 1.284 m<sup>2</sup>. Eksisterande bygningar er oppgitt med eit bebygda areal (BYA) på 183,2 m<sup>2</sup>. Det er søkt om løyve til oppføringa av tilbygg på 8,2 m<sup>2</sup> BYA. Eigedomen vil etter dette vere bebygda med 134,4 m<sup>2</sup> BYA, som er innanfor grensa på 30 % - BYA som kommuneplanen for, jf. nedanfor om planstatus

Det vert elles vist til søknad motteken 13.07.18

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den var mottatt.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.07.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som Landbruks-, natur- og friluftsføremål med tillat spreidd bustad. Eigedom Gbnr 25/126 er tabelleigedom ifølgje kommuneplanen sin tabell 9.1 §3.2.1 - 3.2.3. Tiltaket er i samsvar med planen og krev ikkje dispensasjon.

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### Nabovarsel

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.06.18.  
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4,45 meter.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.  
Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 20 meter.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 bokstav a) løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustad som omsøkt på gbnr 25/126.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utforming av tiltaka skal vere som vist på situasjonsplan, journalført motteke 13.07.2018, og fasade-, snitt- og planteikningar journalført same dato. Minstekravet på 4 meter til nabogrenser er absolutt, jf. pbl § 29-4 andre ledd, dersom ikkje anna er sagt ovanfor.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. ovanfor. Det må søkjast om ferdigattest for tiltaka.

Dersom tiltaka ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaka blir innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaka skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut ifrå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 25/126 Fosse - søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg til bustad  
Kart og teikningar

**Mottakarar:**

Leiv Jan Fosse

Fosse 146

5918

FREKHAUG